



# NORSK LOVTIDEND

## Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 31. januar 2025 kl. 14.55

PDF-versjon 31. januar 2025

28.01.2025 nr. 112

### Forskrift om gravplassvedtekter, Tysvær kommune, Rogaland

**Heimel:** Fastsett av Tysvær kyrkjelege fellestråd 21. januar 2025 med heimel i lov 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) § 21 første ledd første punktum, § 8 første ledd og § 14 første ledd og forskrift 10. januar 1997 nr. 16 til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassforskriften) § 15a fjerde ledd. Stadfesta av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark 28. januar 2025 jf. lov 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) § 21 første ledd andre punktum.

#### § 1. Definisjonar

*Gravplassmyndigheit:* Tysvær kyrkjeleg fellestråd.

*Festa grav:* Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for.

*Festa gravstad:* Fleire kistegraver som er festa saman.

*Ordinær urnegrav:* Grav til oskeurne med plass til fire urner.

*Urnegrav i minnelund:* Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

*Kistegrav:* Grav som følgjer gravplassforskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan ein òg gravleggje oskeurner.

*Fredingstid:* Tidsrom frå siste gravlegging til ein kan nytte grava igjen til ny gravlegging.

*Festetid:* Tida som det er avtalt å feste ei grav.

*Gravansvarleg:* Den som er ansvarleg for ei tilvist grav.

*Festar:* Den som står som part i ei festeavtale.

*Anonym minnelund:* Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

*Namna minnelund:* Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

#### § 2. Ferdsel på gravplassane

Besøkande skal om mogeleg ferdest gåande, jf. gravplassforskrifta § 9 andre avsnitt. Gravplassmyndigheita kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

#### § 3. Gravplasstillhøyrse

Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på kva som helst av gravplassane i kommunen.

Dei har rett til fri grav dersom gravplassmyndigheita har tilvist grava. Retten til utvida frigravsperiode er nærmare regulert i gravplassforskrifta § 16 første avsnitt og gravplassforskrifta § 18 ande avsnitt.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir rekna med på same måte som kommunen sine egne innbyggjarar, og har rett til fri grav dersom gravplassmyndigheita har tilvist grava.

Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at ein betaler kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav.

#### **§ 4. Fredingstid**

Fredingstida er minst 20 år.

Fredingstida for urnegraver er 20 år

#### **§ 5. Stenging for kistegravlegging**

Følgande gravplass/gravfelt/graver er stengt for kistegravlegging:

- Skjoldastraumen kyrkjegard: Gravfelt 08.C. Stenginga gjeld ikkje for urnenedsetjing.
- Tysvær kyrkjegard: Gravfelt 09.F, 09.G og 09.H. Stenginga gjeld ikkje for urnenedsetjing og (4) ubrukte festegraver.
- Tysvær kyrkjegard: Gravfelt 09.A, B, C, D, E, I, J og K. Stenginga gjeld ikkje for urnenedsetjing og for ubrukte festegraver ved sida av avdød ektefelle eller barn.

#### **§ 6. Feste av grav med meir**

Når ei kistegrav skal takast i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av ho, og etter søknad til gravplassmyndigheita; for ei ekstra grav i tillegg når behovet seier det. Desse gravene utgjør då éin gravstad.

Ved bruk av ei ordinær urnegrav, kan ein ikkje feste ei grav ved sida av.

Ved feste av ei grav ved sida av den kistegrava som ein først nyttar, er festetida 20 år.

Når festetida/fredingstida er ute, kan ein feste grava/gravstaden for nye 5 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter eit særleg samtykkje frå gravplassmyndigheita. I god tid før festetida er ute, skal forvaltninga varsle festaren.

Har ein ikkje fornya festet innan seks månader etter forfall, går grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ein kan ikkje gravlegge i ei grav utan samtykke frå gravansvarleg eller festar. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå gravansvarleg eller festar, kan gravplassmyndigheita avgjere gravlegginga.

Festar pliktar å melde adresseendring.

#### **§ 7. Grav og gravminne**

Ved opning av ei grav kan ein legge jorda på dei omkringliggende gravene og ein kan mellombels flytte gravutstyret. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan ein sette opp med ein gong etter urnenedsettinga.

På ein nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava ein først nyttar. Gravminnet blir ståande der for godt.

### **§ 8. Plantefelt**

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som går over høgda til gravminnet eller går ut over plantefeltet.

I plantefeltet er det høve til å setta ned dekorgjenstandar og sorguttrykk, så lenge dei ikkje er til sjenanse, gjer drifta av gravplassen vanskeleg (opning av grav, grasklipping, o.l.), eller er brannfarleg i samband med tenning av lys, jamfør neste avsnitt.

Det er høve til å tenne lys (stearinlys, oljelampe o.l.) når dette er innanfor dei gjeldande føresegnene om brannvern. Lykter og lys må vere tilstrekkeleg festa, til dømes med jordspyd, eller ha ei eigenvekt som gjer at dei ikkje kjem på avveggar.

Ein skal fjerne lys og andre lause dekorgjenstandar etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt steinkant eller ei bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller andre materiale.

### **§ 9. Plantemateriale**

Planter, kransar og liknande materiale som ein har nytta ved gravferd eller ved pynting av grava og som endar som avfall, skal vere heilt kompostérbare.

### **§ 10. Stell av grav**

Kvar gravansvarleg eller festar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt, skal den gravansvarlege eller festaren så til med gras, eller blir tilsådd av gravplassmyndigheita.

Den gravansvarlege eller festaren pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Gravansvarlege eller festaren kan avtale med kyrkjelege fellestråd, eller den som får løyve til det etter § 13, om planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ei slik avtale frittek ikkje den gravansvarlege eller festaren frå det ansvaret vedkomande har etter dei til ein kvar tid gjeldande føresegnene.

### **§ 11. Namna minnelund**

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde førast på ei namneplate på eit felles minnesmerke, fastsett av gravplassmyndigheita.

Graver i namna minnelund kan ein feste etter utløpet av fredingstida på lik linje med andre graver på gravplassen, men festar kan ikkje nytta grava til ny gravlegging i festetida.

I namna minnelund kan ein feste ei grav i tillegg (reservering) når ei grav blir nytta, mot at ein betalar ein festeavgift frå det tidspunktet den fyrste grava blir nytta. Ved feste av ei grav i tillegg, vil ikkje nødvendigvis gravene komme attmed kvarandre, men namneplatene kjem attmed kvarandre / namna kjem attmed kvarandre på den same namneplata.

Avgift for bruk av namna minnelund skal ein betale frå det tidspunktet grava blir nytta.

Gravplassmyndigheita har ansvaret for dei felles plantene og stellet i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide egne plantefelt for gravene i minnelunden. Ein kan legge ned blomar og tenna gravlys så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på ein stad tilvist av gravplassmyndigheita.

### **§ 12. Bårerom**

Gravplassmyndigheita stiller bårerom til disposisjon for den som står for gravferda., Det skal berre nyttast til oppbevaring av den døde. Ingen har tilgang utan løyve. Liksyning kan berre finna stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

### **§ 13. Næringsverksemd**

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen, skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne, samt planting og stell av graver.

### **§ 14. Arbeid på gravplassane**

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00–17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplassen eller i ein bygning på gravplassen. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er naudsynt for å gjere arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

### **§ 15. Vern og bevaring**

For gravplassane i Tysvær kommune kan det vedtas ein verneplan i henhold til gravplassforskrifta § 27. Verneplanen skal vera førande for forvaltning, drift, skjøtsel og vedlikehald av gravplassane. Kva graver og gravfelt som blir vedtekne verna, kjem fram av verneplanen. Det må skrivast frivillig avtale med festar for at vern av gravminne og gravutstyr skal verta rettsleg bindande. Verneplanen må fyrst gjerast kjent for festar.

Avtalen kan ha følgande vilkår:

- Vern av gravminne og gravutstyr skal ikkje vera til hinder for vidare bruk av grav/gravstaden.
- Gravminne eller gravminneutstyr skal ikkje fjernast eller erstattast.
- Tilføyning av namn skal godkjennast av gravplassforvaltninga
- I dei tilfelle der gravminne si tekstflate er full kan det bli gitt høve til nedsetting av eiga namneplate i plantefeltet eller bruk av bakside. Konkret godkjenning skal gjerast av gravplassforvaltninga.
- Ved fornying av festeavtale på graver med verneverdig gravutstyr vil grava bli endra til urnegrav der det er nødvendig av omsyn til gravminne eller gravutstyr
- Når festeavtalen opphøyrer, vert gravminne og gravutstyret overtatt av gravplassforvaltninga.

For tilviste graver på gravfelt som vert verna kan det setjast krav om at nye gravminne skal utformast i tråd med gravfeltets eigenart, som til dømes materialbruk, storleik og tekstkvalitet (font).

### **§ 16. Dispensasjon frå vedtektene**

Gravplassmyndigheita kan i særlege tilhøve og innanfor ramma av gravplassloven og gjeldande forskrifter fråvike §§ 3, 7, 8, 11 og 14 i vedtektene.

**§ 17. Ikraftsetjing og oppheving av eldre vedtekter**

Forskrifta tar til å gjelde frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå den same tida blir vedtektene av 6. mai 1997 med seinare endringar, for gravplassane i Tysvær kommune, Rogaland fylke, oppheva.